

## **Raudt Ullensvang seier nei til Statnett sine monstermasteplanar!**

Raudt Ullensvang har drøfta Statnett sin søknad om å byggje ei ny 420 kV kraftlinje på Vestlandet. Denne skal etter planen gå i luftspenn frå Sauda via Ullensvang til Kollsnes i Øygarden.

Raudt Ullensvang har deltatt på folkemøte i Jondal og under Statnett sin presentasjon i kommunestyresalen i Ullensvang. Vi har fylgjande kommentarar:

1. Raudt Ullensvang etterlyser ein nærare dokumentasjon frå Statnett om det reelle samfunnsøkonomiske behovet for å byggje desse nye linjene til mange milliardar kroner. Vi krev svar på fylgjande spørsmål: Skal linjene levere vasskraft til elektrifisering av sokkelen? Kva slags konkrete industrieventyr langs kysten vår er det behov om å levere meir straum til? Kva blir konsekvensane for den kraftforedlende industrien og anna næringsliv i indre strøk for denne kraftoverføringa til kysten og ut i Nordsjøen? Kva vil kommunane langs denne traseen sitte att med?
2. Raudt Ullensvang etterlyser ei alternativ vurdering og grundige, uhilda utgreiingar av linjetrasear som er meir skånsame utifrå natur, miljø- og friluftsiinteresser og kulturminner.
3. Raudt Ullensvang etterlyser grundige, uhilda utgreiingar av linjekablar i jord, sjø og fjell istadenfor luftspenn på heile eller deler av denne strekninga og alternative økonomiske utrekningar utifrå framtidig vedlikehaldsbehov og eit livsløpsperspektiv.
4. Raudt Ullensvang vil og peike på at det ut frå beredskapsomsyn (m.a. ekstremvær, ras- og skredfare og ising, samt krigsfare) vil vere sikrare å byggje framtidig linjenett i jord, fjell og sjø framfor i luftspenn.
5. Raudt Ullensvang vil utfordre Statnett til å klargjere om det vil bli stilt krav om at det skal vere norske leverandørar med landsdekkande norske tariffavtalar som skal utføre byggjing av denne linja. Vi vil minne om at då Statnett bygde dei omstridte monstermastane gjennom Hardanger frå Sima i Eidfjord for ein del år sidan, vart ein stor del av jobben utført av underbetalte kroatisk linjemontørar.
6. Raudt Ullensvang vil elles stille seg bak den samrøystes høyringsfråsegna vedtatt av Ullensvang kommunestyre den 18. desember 2024.

Med vennleg helsing

På vegner av styret i Raudt Ullensvang

Lisa Karine Haugland, leiar Raudt Ullensvang